



Jarle Saghaug t.v. (37) er tilsett som ny mekanikar på AUTO 88, her saman med Øystein Haavik.

AUTO 88 utvidar staben og Jarle Saghaug (37) er nyleg tilsett som mekanikar på verkstaden. Jarle Saghaug kjem frå Husnes Motor der han har hatt arbeidet sitt i 18 år. Saghaug har den siste tida fungert som verksmeister eller som tittelen er i dag, teknisk leiar.

I samtale med Uskedalen.no fortel Jarle Saghaug at han har utdanninga si frå Etne Vidaregåande skule. Så var det læretid på Husnes Motor i 1999, før han vart fast tilsett på same verkstaden. I alle åra fram til i dag har Jarle hatt ein arbeidsgjevar.

Etter 18 gode år på ein og same verkstad er Jarle klar for å prøva noko nytt. Dessutan kan det vera greitt å ha jobben i bygda ein bur i. Han bur nemleg i Halsabrotet og vil såleis få kort veg til arbeid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: AUTO 88